



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## Høring av verneplan for skog

### Utviding av Ørnakken naturreservat, Ålesund kommune



*Boreonemoral regnskog ved Brusdalsvatnet. Foto: Hege Steigedal*

## Innhald

Bakgrunn .....	3
Tilbodet .....	3
Heimelsgrunnlag.....	3
Verneplanen sitt omfang.....	4
Skildring av område.....	5
Vegetasjon, skogstruktur og påverknad.....	5
Verneinteresser .....	6
Føremål.....	7
Skogbruksopplysningar .....	7
Andre interesser .....	7
Tekniske inngrep .....	7
Planstatus .....	7
Litteratur.....	8
Saksgang.....	9
Vidare sakshandsaming.....	10
Forskrift om endring av verneforskrift for Ørnakken naturreservat.....	11

## Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyrast og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

## Tilbodet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 28/3, 545/1, 2, 3, 10 i Ålesund kommune. Tilbodet kom i fleire omgangar i perioden juni til oktober 2021 gjennom ALLSKOG. Området føreslått verna omfattar eit areal på til saman 752 dekar.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er dokumentert ved registreringar av naturverdiane gjennom fleire kartleggingar i 2001, 2005, 2011 og sist i 2016 gjennomført av Biofokus, NINA, Miljøfaglig utredning m.fl.

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang.

## Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldlova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldlova, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

## Verneplanen sitt omfang

Namn	Kommune	Fylke	Areal	Verneform	Eigedomar (gnr/bnr)	M.o.h.	Verdi
Ørnakken naturreservat	Ålesund	Møre og Romsdal	752	Naturreservat	28/3, 545/1, 2, 3, 10	20 - 510	Svært viktig (A)



Gul pærelav *Pyrenula occidentalis* (NT) er funnet her i rik boreonemoral regnskog. Foto: John Bjarne Jordal

## Skildring av område

Tilbudsområdet er svært godt kartlagt i fleire omgangar frå Brusdalsvatnet og opp mot 250 m.o.h. Det er i hovudsak kartlagt som regnskog med utforming rik og fattig boreonemoral regnskog (VU). Området er ei direkte utviding av Ørnakken naturreservat som består av gamal kystfuruskog og har derfor svært høg verdi både grunna størrelse og det høge naturmangfaldet. Området ligg på sørsida av Brusdalsvatnet og er for det meste nordvendt lauvskog med innslag av små bergveggar. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Det renn fleire små bekkar i området. Tilbudsområdet inneheld tre granplantefelt som grenser ned mot vatnet. I tillegg er det tilbudd ei lita utviding i nord opp mot E39 på 28 dekar.

## Vegetasjon, skogstruktur og påverknad

Lengst aust i tilbudsområdet som grenser til eksisterande verneområde finn vi den einaste kjende lokaliteten med rik boreonemoral regnskog i Møre og Romsdal (med verdi A) med si nordlegaste kjende grense. Skogen er karakterisert av mye grov alm (EN) opp mot 20 meter høge og ein diameter opp mot 80-90 cm. Andre mengdetreslag er bjørk, rogn og selje. Her er et enormt stort artsmangfold knytt til regnskog og gamle tre som til dømes kranshinnelav *Leptogium burgessii* (VU) med si nordlegaste grense for utbreiing.



Kranshinnelav *Leptogium burgessii* (VU)- der en ekstrem nordgrense for kranshinnelav *Leptogium burgessii* (eneste i MR)

Vidare vestover går skogen over i fattig boreonemoral regnskog, også denne av svært viktig verdi (A). Dette er eit av tre hovudområde for fattig boreonemoral regnskog på nordvestlandet. Regnskogen er karakterisert av svært fuktig storvekst bjørkeskog, med innslag av til dømes alm (EN), rogn og hassel, med førekomstar av karakteristiske, regnskogstilknytt kryptogamar. Deler av området har

blåbær/storfrytledominert vegetasjon, men høgstaude- og storbregnevegetasjon. I dei flate partia ned mot vatnet er ein blandingsskog med sumpmark, fuktmark og i myrsig med fleire vasskjelder. Mangfaldet knytt til lav, mosar og karplanter uvanleg artsrikt og svært godt utvikla Signalartar for skogtypen som er registrert her er til dømes stjerneflekklav *Arthonia stellaris* (VU). Dette området er vurdert som nasjonalt viktig for ivaretagelse av regnskog i Noreg (MU2016-16).



*Stjerneflekklav Arthonia stellaris* (VU) er registrert i den fattige boreonemorale regnskogen. Foto: John Bjarne Jordal.

Skogen er i god tilstand med stadvis mengder med daud ved i alle storleikar og nedbrytingsfasar samt store gamle tre. Området ser ikkje ut til å ha vært utsett for hogst i nyare tid, og almane er ikkje styva. Av negativ påverknad finn vi tre plantefelt med gran innanfor vernetilbodet - to mindre legst aust på om lag 4 – 6 dekar i samband med gjengrodde kulturmarker og eit større felt lengre vest på om lag 36 dekar.

### Verneinteressar

Skogen på Vestlandet inkludert Møre og Romsdal har sterk oseanisk påverknad og omfattar naturtypar knytt til kystfuruskog og boreonemoral regnskog som Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på (NINA 1352, NIBIO 2020 6-16). I mangelanalysen frå 2017 går det fram at skogvernet må spissast slik at ein treff meir presist med vernet. Det inneber at skogtypar som er underrepresentert i dagens vern skal prioriterast. Av rapporten går det fram at raudlista naturtypar, skog med høg bonitet og i varmare og lågareliggande vegetasjonssonar må prioriterast for vidare verneprosessar.

I føreslått verneområdet er det registrert raudlista naturtypar knytt til boreonemoral regnskog, både rik og fattig (VU). Skogressurskart (AR5) viser at over 60% av tilbodsområdet er produktiv skog i lågareliggande strøk. Eit vern her vil bidra til å nå miljømål 1.3 med å betre naturmangfaldet både på arts-nivå og naturtypenivå i våre verneområdar. Området som er ei direkte utviding av Ørnakken naturreservat er omtala som eit regnskogsmiljø med verneverdi 5 av 6 (MU2018). Innanfor føreslått utviding er det meste av arealet opp til 230 m.o.h. kartlagt som naturtypen boreonemoral regnskog

rik og fattig med verdi svært viktig (A-verdi). Dette er naturtypar som er trua – sårbar (VU)- og eit vern vil være med på å nå miljømål 1.2. om å bremse negativ utvikling for trua natur.

Området er del av eit heilskapleg landskap med intakte, kystnære furuskogar på Sunnmøre der dette er den einaste registrerte rike boreonemoral regnskogen. Ser vi utvidinga i samanheng med eksisterande verneområde vil vi få eit verne skogareal på til saman 5205 dekar med trua naturtypar og artar.

Området er i svært stor grad med på å oppfylle mål for skogvernplan i Møre og Romsdal.

### Føremål

Føremålet med forskrifta er å bevare eit område som representerer ein bestemt type natur i form av rik og fattig boreonemoral regnskog. Skogen er i god utvikling med stort artsrikdom knytt til lav, mosar og karplanter. Områdevern inneber at vegetasjonen er freda, at habitat til fugl og fauna også blir tatt vare på med ei økologiske prosessane og funksjonane det har i dag.

### Skogbruksopplysningar

Vurderingar gjort ut i frå ulike kartlag og skograpport i Kilden.

Totalareal: ca. 733 daa

Produktivt skogareal(AR5): ca. 451 daa

Skog, sær s hø y bonitet	Skog, hø y bonitet	Skog, middels bonitet	Skog, lav bonitet	Uproduktiv skog	Annet
38	108	291	14	186	95

Det er utført skogbruksplanlegging med miljøregistreringer i austleg del av området, truleg gamle Skodje kommune.

Skogressurskart (SR 16) – volum (daa):

0-100 m <sup>3</sup> /ha	100-200 m <sup>3</sup> /ha	200-300 m <sup>3</sup> /ha	300-400 m <sup>3</sup> /ha	➤ 400 m <sup>3</sup> /ha
373	248	24	27	8

### Andre interesser


Ingen kjende interesser som blir påverka av eit vern.

### Tekniske inngrep


Tre granplantefelt ned mot Brusdalsvatnet på høvesvis 4, 6 og 36 dekar.

### Planstatus

Arealet er sett av til LNRF (landbruks-, natur og friluftsområde formål), jf. kartutsnitt under. Raud skravur i utvidingsområde viser ei omsynssone knytt til skred- og rasfare. Svart skravur viser omsynssone knytt til nedslagsfelt for drikkevasskjelde.



Kartutsnitt fra Ålesund kommune sin arealdel (Geolnnsyn Ålesund) over området for utviding av Ørnakken naturreservat i vest på 728 dekar. Vernegrense er markert med lilla.



Kartutsnitt fra Ålesund kommune sin arealdel (Geolnnsyn Ålesund) over området for utviding av Ørnakken naturreservat i nord på 24 dekar. Vernegrense er markert med lilla.

## Litteratur

Holtan, D. 2008. *Supplerende kartlegging av naturtyper i Ålesund kommune 2008. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavdelinga, rapport 2008:05. 116 sider med kartvedlegg.*

Holtan, D. 2001. *Biologisk mangfold i Ålesund. Sluttrapport 2001. Ålesund kommune, rapport. 123 s. + kart.*

Jordal J. B., Larsen P. 2016. *Naturverdier for lokalitet Vasstranda, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfuruskog 2015. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.*

*Naturfaglige registreringer av kystfuruskog, Rapport MU2018-10*

*Evalueringsrapport av norsk skogvern i 2016, NINA Rapport 1352*



*Sætersdal m.fl. 2020. Ansvarsskogtyper i Norge - Hvilke europeiske skogtyper er spesielt godt representert i Norge?, NIBIO rapport vol.6, nr. 69*

## Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for utviding av Ørnakken naturreservat vart meldt 10.01.2022 og frist for innspel var 18.02.2022.

Vi fekk følgande merknader til oppstartsmeldinga:

Statnett (brev datert 18.01.2022) uttalar følgande;

*«Statnett har ikke transmisjonsnett eller planer som blir berørt av de foreslåtte verneområdene og har derfor ingen merknader»*

Riksantikvaren (brev datert 18.01.2022)

*«Fylkeskommunen, som og er på høyringslista, er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker Vi viser til kulturmiljøforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar derfor ikkje saka.»*

Forsvarsbygg (brev datert 20.01.2022)

*«Vi ser ingen konflikter med foreslått verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynte unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber og om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget.»*

Språkrådet (brev datert 28.01.2022)

*«Stadnamntenesta har ingen merknader til skrivemåtane Ørnakken naturreservat.»*

Kartverket (brev datert 31.01.2022)

*«Kartverket viser til tilråding frå Språkrådet datert 28.1.2022. Ørnakken er uproblematisk og har godkjend skrivemåte.»*

Direktoratet for mineralforvaltning (brev datert 09.02.2022)

*«Fråsegn utan merknad.»*

Statens vegvesen (brev datert 11.02.2022)

*«For Ørnakken ser det så langt ikke ut for at vil ha behov for å ta i bruk areal innenfor foreslått verneområde, utvidelse mot nord. Det er dog fortsatt en del usikkerheter om blant annet grunnforhold som kan resultere i at vi vil ha behov for å komme ganske så tett oppi grensen til foreslått verneområde, og ev. behov for å komme ytterligere nærmere/innenfor verneområdet i anleggsperioden. Uansett så kan det påregnes at vi vil ha behov for å ta i bruk hele arealet innenfor byggegrensen, 50m fra senterlinje.»*

Møre og Romsdal fylkeskommune (brev datert 16.02.2022)

*«Ingen merknad til igangsetting av verneplanprosess.»*

## STATSFORVALTAREN SIN VURDERING AV MERKANDANE

Innspel frå Forsvarsbygg om direkte unntak frå vernereglane for operativ militær verksemd er med i standardutforming av verneforskrift, jf. § 6 d)

Innspel frå Statens vegvesen er tatt til orientering og vi har vært i dialog kring utbygging av E39. Statsforvaltaren forstår det slik at byggegrense på 50 meter frå midtline av vegtrase medfører byggestopp for anna anlegg da delar av området må være tilgjengeleg for utbygging av ny E39. Om utbygging av ny E39 skulle komme i konflikt med verneområdet, er det tatt inn ein dispensasjonsmoglegheit i § 7 m) *Naudsynt tiltak i samband med utbygging av Europaveg 39.*

### Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med **frist 25. mai 2022**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

## Forskrift om endring av verneforskrift for Ørnakken naturreservat

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 77. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

### I

I FOR-2019-12-06-1664 om vern av Ørnakken naturreservat, Skodje kommune, Møre og Romsdal, blir det gjort følgjande endringar:

Namnet til kommunen vert endra til Ålesund kommune.

§ 2 skal lyde:

Naturreservatet berører følgjande gnr/bnr:

Ålesund kommune: 28/3, 509/1, 509/2, 509/3, 509/4, 509/10, 509/24, 509/25, 509/26, 509/27, 509/28, 509/29, 509/30, 509/31, 509/32, 510/1, 510/18, 510/19, 510/20, 510/21, 510/22, 510/23, 510/24, 510/25, 511/1, 511/2, 529/1, 529/2, 529/4, 529/5, 529/6, 529/7, 530/1, 530/2, 530/11, 530/12, 530/13, 530/14, 531/1, 531/2, 531/3, 531/4, 545/1, 545/2, 545/3, 545/10.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 5205 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [månad årstal]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Ålesund kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

-----

### II

Forskrifta trer i kraft straks.